

---

Saknr: 2020/43619-1  
Saksbehandlar: Harald Norvald Offerdal

---

## Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		16.04.2020

## Tildeling til kommunale næringsfond 2020

Forslag til vedtak

1. Gulen kommune får eit stimuleringsstilskot på kr. 70 000 for felles førstelineteneste med Masfjorden.
2. Følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2020 (inkludert stimuleringsstilskot):

Kommune	Totalt tilskot 2020
Askvoll	540 667
Fjaler	526 521
Gloppen	733 106
Gulen	562 338
Hyllestad	426 748
Solund	391 143
Stryn	819 477
<b>Totalt</b>	<b>4 000 000</b>

3. Kommunane må ha levert politisk handsama årsrapport før midlane kan betalast ut.
4. Kommunane må rette seg etter notat om rolledeling i finansieringssaker, vedtekne kapitalgrenser og gjeldande regelverk. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gje utfyllande presiseringar i tilskotsbrev.
5. Midlane vert dekkja av 4 mill. kr. øymerka til kommunale næringsfond, avsett til formålet for tidelgare kommunar i Sogn og Fjordane, i budsjett til Avdeling for innovasjon og næringsutvikling.
6. Kommunane kan bruke midlane til korona-dempande tiltak. Føresetnaden er at dei kan vise til kommunale politiske vedtak for denne typen bruk av næringsfondet. Elles må kommunane følgje retningsliner for bruk og forvaltning av fondet og gjeldande regelverk.

Samandrag

Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon har øyremerka 4 mill kr. til kommunale næringsfond. Løyvinga skal gå til dei kommunane i gamle Sogn og Fjordane som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Sju kommunar tilfredsstillar kriteria for tildeling midlar.

I denne saka gjer vi framlegg om fordeling av dei 4 mill. kronene til kommunale næringsfond på bakgrunn av dei tidlegare fastsette kriteria og retningslinene frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, noko som m.a. inneber at retningsliner for bruk av regionale utviklingsmidlar også vil gjelde for tildelinga i 2020 (dei 4. mill kronene er fylkeskommunale midlar). Vi gjer og framlegg om tildeling av stimuleringstilskot til Gulen kommune som har felles førstelineteneste med Masfjorden.

Næringslivet i dei sju kommunane som får midlar har til liks med Vestlandet elles kome i ein vanskeleg situasjon som følgje av korona-pandemien. Difor blir det i saka opna for at midlane - etter gitte føresetnader, kan brukast til korona-dempande tiltak.

Bård Sandal  
fylkesdirektør

Mette Nora Sætre  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Retningsliner for kommunale næringsfond (Sogn og Fjordane) frå 2019
- 2 Retningsliner for arbeidsdeling i finansieringssaker
- 3 NVE si oversikt over inntekter frå konsesjonsavgifter 2019

## Saksutgreiing

### 1. Bakgrunn

#### 1.1 Bakgrunn for at saka er reist – budsjett

Vestland fylkeskommune gjorde i sak **19/2019 Budsjett 2020/Økonomiplan 2020-2023** vedtak om å løyve 4 mill kr. til kommunale næringsfond. Løyvinga skal gå til dei kommunane i Sogn og Fjordane som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Løyvinga for 2019 var på 9,4 mill kr.fordelt på 19 kommunar.

Det blir vidare vist til vedtak i sak 9/20 pkt 3 «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon» 13.02.20:

*Det er øyremerkt fire mill. kroner til kommunale næringsfond. Løyvinga skal gå til dei kommunane i gamle Sogn og Fjordane som tidlegare var omfatta av ordninga og som ikkje er slegne saman med andre kommunar. Fylkesdirektøren utarbeider ei sak om ny modell for tildeling i heile Vestland frå og med 2021.*

Hovudutvalet fordeler i denne saka løyvinga mellom kommunane i tråd med tidlegare retningslinjer for Sogn og Fjordane fylkeskommune og forskrift for regionale utviklingsmidlar frå KMD.

## 1.2 Retningslinjer for tildeling kommunale næringsfond i gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune

Det blei i si tid utarbeidd egne retningslinjer for tildeling av kommunale næringsfond i Sogn og Fjordane fylkeskommune - «Retningslinjer for tildeling av midlar til kommunale næringsfond, gjeldande frå 2019».

Tilskota til kommunale næringsfond har tidlegare vorte dekkja av Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine regionale utviklingsmidlar frå kapittel 550 post 64 «Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar».

Det er utarbeidd eiga forskrift for bruken av desse midlane, jf. «Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler».

Dei fylkeskommunale retningslinjene og forskrifta måtte følgast når ein forvalta denne typen midlar i Sogn og Fjordane fylkeskommune. I tillegg til forskrift og retningslinjer gjeld og regelverk for innkjøp og statsstøtte.

I denne saka er løyvinga til kommunale næringsfond finansiert av egne fylkeskommunale midlar, men Fylkesdirektøren gjer framlegg om å bruke både dei tidlegare fylkeskommunale retningslinjene og departementet si forskrift i tildelinga av kommunale næringsfond for 2020. Kommunane i Sogn og Fjordane er godt kjende med desse krava.

### Rolledeling i finansieringssaker

Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeidde i si tid eit notat med klargjering av rolledeling mellom Innovasjon Norge, fylkeskommunen og kommunane. Desse føringane blei gitt i oppdragsbrevet til Innovasjon Norge. Notatet ligg ved. Eitt viktig poeng her er at prosjekt berre i særskilde tilfelle kan få finansiering både frå fylkeskommunen og kommunale næringsfond. Og at prosjekt med ein viss innovasjonsgrad skal handsamast av Innovasjon Norge.

## 2. Oppfylging av krav og kommunane si rapportering for 2019

Kommunane skal kvart år utarbeide ein årsrapport til fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeidet der dei skal vurdere egne retningslinjer, næringsapparat og strategi for næringsutvikling.

Kommunane skal rapportere til fylkeskommunen gjennom regionalforvaltning.no.

Kravet om rapportering til KMD gjeld framleis for midlar løyvde før 2020. For midlar løyvd i 2020 vil kravet om rapportering til KMD falle bort.

Vi rår til at det på bakgrunn av rapporteringa vert løyvd midlar til 7 kommunar, men at midlane ikkje kan utbetalast før godkjend årsrapport for 2019 ligg føre.

## 3. Kriterium for kvalifisering til ordninga

Det er storleiken på inntekter knytt til konsesjonsavgifta som bestemmer om ein kommune kvalifiserer til å få midlar til kommunale næringsfond. Grensa er satt til 2 mill. kr. og alle kommunar som har konsesjonsavgiftsinntekter mindre enn grensa eller ikkje har denne typen inntekter i det heile, vert automatisk med i ordninga. I følgje oversikt frå NVE (vedlegg 3) er det 6 ikkje samanslegne kommunar som hadde mindre enn 2 mill. kr. i konsesjonsavgiftsinntekter i 2019, og som difor kvalifiserer til ordninga. I tillegg kjem Solund kommune som ikkje har konsesjonsavgiftsinntekter.

Vidare vil ein del av løyvinga verte gitt som stimuleringsstilskot til kommunar som kan dokumentere felles førstelineteneste og/eller felles fond. Når stimuleringsstilskota er fordelt vil så 60 % av dei resterande midlane verte fordelt likt mellom kommunane og 40 % vert fordelt etter folketal.

#### 4. Stimuleringsstilskot

Kommunar som kan dokumentere at dei har ei felles førstelineteneste med andre kommunar kan få inntil kr. 70 000 i stimuleringsstilskot kvar.

Kommunar som har felles næringsfond kan få inntil kr. 70 000 i stimuleringsstilskot kvar. For å få full utteljing vert det føresett at alle fondsmidlar vert lagt inn i eit felles fond. Det er høve til å etablere regionale fond også over fylkesgrensene.

##### 4.1 Felles førstelineteneste

Stimuleringsstilskot til felles førstelineteneste oppmodar kommunane til å etablere samarbeid over kommunegrensene. Tanken er at ein ved å samle førstelinetenesta for fleire kommunar vil danne større fagmiljø og såleis kunne levere betre tenester.

Fylkesdirektøren tilrår at det vert gitt stimuleringsstilskot på kr. 70 000 til Gulen komme som har felles førstelineteneste med Masfjorden.

##### 2.2 Felles næringsfond

Stimuleringsstilskot til felles næringsfond oppmodar kommunar om å slå saman dei kommunale næringsfonda. Ei slik samanslåing gjer at ein vil behandle søknadar likt uavhengig av kva kommune dei høyrer til så lenge dei er innanfor området til fondet.

Ingen av dei aktuelle kommunane er kvalifiserte for å få stimuleringsstilskot til felles næringsfond.

#### 5. Fordeling av midlar 2020

Fylkesdirektøren har i kap. 5 tilrådd at det vert tildelt stimuleringsstilskot på kr. 70 000.

Løyving til kommunale næringsfond 2020	4 000 000
- Stimuleringsstilskot for felles førstelineteneste	70 000
<u>= Til fordeling til kommunar innanfor ordninga</u>	<u>3 930 000</u>
60 % til lik fordeling mellom kommunane	2 358 000
40 % til fordeling etter folketal	1 572 000

Når stimuleringsstilskota er fordelt, vert 60 % av dei resterande midlane fordelt likt mellom kommunane, medan 40 % av dei resterande midlane vert fordelt på bakgrunn av folketal. Fordelinga mellom kommunane vert då slik:

Kommune	Folketal*	60 % likt	40 % folketal	Sum
Askvoll	3 011	336 857	203 810	540
Fjaler	2 802	336 857	189 664	521
Gloppen	5 854	857	396 249	106
Gulen	2 297	336 857	481	338
Hyllestad	1 328	336 857	89 891	748
Solund	802	336 857	286	143
Stryn	7 130	336 857	482 620	477
<b>Totalt</b>	<b>23 224</b>	<b>2 357 999</b>	<b>1 572 001</b>	<b>000</b>

\* Folketal er etter SSB sit oversyn 4. kvartal 2019.

## 6. Vedtakskompetanse

Vi tolkar det slik at hovudutval for innovasjon og næringsutvikling har vedtakskompetanse, jf. Delegeringsreglementet.

## 7. Vurderingar og verknader

Økonomi: Det er øyremerkt fire mill. kroner til kommunale næringsfond over INN sitt budsjett.

Klima: Jf. bærekraftsmåla i «Handlingsprogram for innovasjon og næringsutvikling i Vestland 2020» som vil bli klargjort i tildelingsbreva.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Viser til vedtak i planutvalet 30.01.20. Kommunale næringsfond kan vere med å byggje opp under dei overordna måla i regional planstrategi:

- Mål 1 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 2 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 3 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping
- Mål 4 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.

## 8. Konklusjon

### Stimuleringstilskot

Gulen kommune får stimuleringstilskot på kr. 70 000 for felles førstelineteneste med Masfjorden.

### Tildeling til kommunale næringsfond 2019

I samsvar med drøftingar i saka rår fylkesdirektøren at følgjande kommunar får tilskot til kommunale næringsfond for 2019.

Kommune	Grunnløyving	Stimuleringstilskot - felles førsteline	Stimuleringstilskot - felles fond	Totalt tilskot 2020
	540			
Askvoll	667	-	-	540 667
	526			
Fjaler	521	-	-	526 521
	733			
Gloppen	106	-	-	733 106
	492			
Gulen	338	70 000	-	562 338
	426			
Hyllestad	748	-	-	426 748
	391			
Solund	143	-	-	391 143
	819			
Stryn	477	-	-	819 477
	3 930			
Totalt	000	70 000		4 000 000

Kommunane må ha levert politisk handsama årsrapport før midlane kan betalast ut.

Midlane vert dekkja av 4 mill. kr. øyremerka til kommunale næringsfond i Avdeling for innovasjon og næringsutvikling, seksjon for verdiskaping i byar og regionar sitt budsjett for 2020.

## 9. Endra premissar som følgje av korona-pandemien

Næringslivet på Vestlandet er som følgje av korona-pandemien komen i ein svært dramatiske situasjon. Mykje tyder på at det som skjer no kan bli det mest krevjande omstillingstiltaket i vår tid.

Næringslivet i dei sju kommunane som er kvalifiserte for ordninga med kommunale næringsfond har til liks med næringslivet elles i Vestland fylke fått store utfordringar som følgje av dei smittetiltaka som no er sette i verk. Dei har alt måtta setje i verk lokale tiltak i høve korona-pandemien.

I retningslinene for bruken av dei kommunale næringsfonda står det mellom anna:

*Kommunen skal ha utarbeidd eit planverktøy med mål, strategiar og prioriterte tiltak for det kommunale arbeidet med næringsutvikling. Plandokumentet skal også ta inn over seg nasjonale og fylkeskommunale føringar gitt mellom anna gjennom regional planstrategi og verdiskapingsplanen med tilhøyrande handlingsplan. Strategien kan vere i form av ein eigen næringsplan. Alternativt som ein del av samfunnsdelen til kommuneplanen med handlingsdel, eller anna strategisk kommune (-delplan) med handlingsdel. Det viktige er at det finst langsiktige strategiske mål, men også at ein evnar å vere konkrete i prioritering av tiltak t.d. gjennom ein årleg handlingsplan. Bruk av næringsfondet skal vere godt forankra i kommunen sine strategiar.*

Ein årleg handlingsplan må også kunne ta høgde for denne typen hendingar som korona-pandemien representerer. I alle høve blir kommunane no tvungne til å prioritere korona-dempande tiltak i det kommunale arbeidet med næringsutvikling.

Om dette ikkje kan relaterast direkte til planverket, bør kommunane likevel kunne nytte det kommunale næringsfondet til korona-dempande tiltak. Føresetnaden er at dei kan vise til politiske vedtak for denne typen bruk av næringsfondet. Vedtaket skal vise til planverket og om naudsynt grunngje eventuelle avvik frå dette. Elles må kommunane følgja retningslinjer for bruk og forvaltning av fondet og gjeldande regelverk.